

Lokal retningslinje for tildeling av investeringstilskot til tiltak i  
beiteområde  
for  
Bjørnafjorden, Samnanger og Tysnes  
2021-2024



## ORDNINGA KORT FORTALT:

**Kva er investeringstilskot i beiteområde?** Ei tilskotsordning som skal legge til rette for best mogeleg utnytting av utmarksbeite, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremje fellestiltak i beiteområda.

**Kven kan søkja:**

Målgruppa er beitelaga i Bjørnafjorden, Samnanger og Tysnes. Der det grunna naturgjevne eller driftsmessige tilhøve ikkje ligg til rett for samarbeid, kan landbruksføretak som er berettiga produksjonstilskot også søkje.

**Kva kan du søkja om:**

Du kan søkje om tilskot til ulike tiltak som fremjar beiting i eit utmarksområde. Dette kan både vere faste installasjonar som ferister, sanke- og skiljeanlegg m.v., anna utstyr knytt til beiting, som digitalt springsutstyr, samt planleggings- og tilretteleggingsprosjekt.

**Kor mykje kan du få:**

Mellom 20-70% av utgiftene, avhengig av type tiltak, tal søkjarar og total fordelingsramme.

**Søknadsfrist:**

15. mars kvart år om ikkje anna vert informert om.

**Rettleiande timesatsar for eige arbeid:**

- Manuelt utført eige arbeid (inkl. motorsag o.l): 350 kr/time
- Bruk av traktor: 600 kr/time
- Gravemaskin: 800kr/time (eller etter rekning)

**Arbeidsfrist:**

Frist for gjennomføring av tiltak er i utgangspunktet 3 år frå tilskot vert innvilga. Fristen kan etter skriftleg søknad forlengast, men ikkje ut over 5 år frå tilskotet vart innvilga.

**Søknadskjema:**

Skjemaet finn du på: [Altinn - Tilskudd til tiltak i beiteområder](#)

**Utbetaling:**

Søknad om utbetaling skal sendast til kommunen saman med sluttrekneskap når tiltaket er ferdig. Det kan gjerast delutbetaling etter kvart som tiltaket vert utført på bakgrunn av godkjent dokumentasjon, men minst 25 % av tilskotet vert halde att inntil arbeidet er fullført og sluttrekneskapen er godkjent.

## OM TILSKOT TIL TILTAK I BEITEOMRÅDE

I vår region er det mange utmarksområde som ber preg av attgroing og manglande bruk, sjølv om ekstensiv drift med beitebruk tradisjonelt har vore, og framleis er, ein viktig bruksform på Vestlandet. Å nytta utmarksressursene godt er ein viktig føresetnad for utmarksforvaltninga vår, for verdiskapinga i landbruket, og for auka nasjonal sjølvforsyning basert på berekraftig bruk av ressursane våre.

Frå 1. januar 2020 vart forvaltninga av tilskotsordninga for «Tilskot til tiltak i beiteområde» overført frå Fylkesmannen (no Statsforvaltaren) til kommunane. Kommunane skal utarbeide lokale retningslinjer innanfor ramma av forskrift og rundskriv.

Statsforvaltaren fordeler midlar til kommunane og kommunane skal prioritere søknader og innvilge tilskot i tråd med gjeldande regelverk og den lokale retningslinja. Retningslinja skal vere grunnlag for kommunane si handsaming av søknader om tilskot etter ordninga og vert laga for 3 år om gangen. Retningslinja vert vedteke politisk i alle dei tre samarbeidskommunane og gjeld for 2021-2023.

### Føremål

Føremålet med tilskotet er å legge til rette for best mogeleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremje fellestiltak i beiteområda.

### Regelverk:

- [Forskrift om tilskot til tiltak i beiteområde](#)
- [Forvaltning av forskrift om tilskot til tiltak i beiteområde](#)

### Overordna føringar

- Kommuneplanane i kvar kommune
- Regionalt miljøprogram (RMP) for Vestland 2019-2022
- Naturmangfaldlova, §§ 8-12
- Handlingsplan for landbruket i Vestland 2020
- Meld. St. 11 (2016–2017)

### Vilkår

- Lag (beitelag, grunneigarlag, radiobjøllelag) som er registrert i einingsregisteret og som driv næringsmessig beitedrift, kan søkja.
- Der det grunna naturgjevne eller driftsmessige tilhøve ikkje ligg til rette for samarbeid, kan enkeltføretak søkja viss dei kvalifiserer til å søkja produksjonstilskot.
- Det kan ikkje løyvast tilskot til tiltak i beiteområde som er leigd på ein periode *mindre enn 10 år*.
- Det kan ikkje søkjast til tilskot til tiltak som allereie er starta opp.
- Det kan ikkje gjevast nytt tilskot til same type investeringstiltak før etter 20 år for hytter og 15 år for faste installasjonar. Dette gjeld ikkje for tilskot til elektronisk overvakingsutstyr.
- For tilskot til faste installasjonar er det ein føresetnad at det er innhenta løyve eller avtale med grunneigarar eller andre som har rettar i det aktuelle beiteområdet og som kan verte påverka av tiltaket.
- Søkjar er pliktig til å undersøkje om tiltaket er søknadspliktig etter anna lovverk.

For vilkår til dei enkelte tiltak, sjå tabell side 5 (lista er ikkje utømande).

### Søknadsfrist:

Frist for å søkja er 15. mars kvart år, dersom ikkje anna er opplyst.

Midlane skal lysast ut i god tid på førehand. Utlysinga skjer på-post til beitelaga, på facebook-sida "Landbruket rundt Bjørnafjorden" og på Landbrukskontoret si nettside.

# PRIORITERINGAR

For perioden 2021-2024 vil kommunen prioritere tiltak som gjeld elektronisk overvakingsutstyr samt faste og mobile investeringstiltak.

Søknader frå beitelag som gjeld fellestiltak i beiteområder vil bli prioritert framfor søknader frå enkeltbrukarar som ikkje driv organisert beitebruk.

Kommunen kan bruka skjøn i prioriteringa av midlane etter ei samla vurdering. Dette kan handla om å prioritera utvalde tema i eit søknadsår, særskilde område eller om å prioritera dei tiltaka som vert vurdert å ha høgast nytteverdi i tilfelle kor det er svært mange søkjarar som må dela på få midlar. Om det blir søkt på meir midlar enn det vi har å fordele, kan søknader få avslag. Elles gjeld det følgjande for prioritering av søknadar:

- Tiltak som kan redusera tap av dyr på beite vert prioritert høgt.
- Vi vil prioritere tiltak som bidreg til at ein tek i bruk utmarksområde som er attgrodd eller ikkje vert nytta i dag.
- Vidare vil vi prioritera tiltak som er naudsynte for å forhindre at aktive utmarksareal går ut av bruk, og tiltak som gjer det enklare å vidare nytte areal som er i bruk i dag.
- Nye tiltak får høgare prioritet enn tiltak som tidlegare har fått tildelt midlar. Om det er mange søkjarar, vert nye søkjarar eller søkjarar som ikkje har fått tilskot på lenge, prioritert.
- Mindre tiltak som beitelaga sjølv kan påkosta gjennom ordinære driftsmidlar vert prioritert lågare.

Type tiltak	Døme på tiltak og vilkår	Kor mykje kan dekkast
<p><b>Faste og mobile investerings-tiltak knytt til beitebruk i utmark</b></p> <p>Tilskot kan gjevast til investeringar i faste installasjonar og anna utstyr knytt til beitebruk. Innanfor desse rammene kan ein gje tilskot til alle tiltak som fremjar beitebruken i eit område.</p>	<p><b>Sanke- og skiljeanlegg</b></p> <p><b>Bruer</b> dimensjonert for dyr og folk. Dersom bruene er kraftigare dimensjonert kan kostnadsoverslag eller andel tilskot reduserast tilsvarande.</p> <p><b>Ferister-</b> bør være av godkjent fabrikk eller bygd etter standardteikningar</p> <p><b>Sperregjerder</b> for å sikre at dyr ikkje kjem over i farleg område</p> <p>Eit sperregjerde skal hindre beitedyr i å kome ut av beiteområdet. Sperregjerder kan også tene til å avgrense beiteområdet mot veg, jernbane, busetnad og jordbruksområder. Reine inngjerdingar av beitedyr i utmark fell ikkje inn under definisjonen av sperregjerde, og tilskot vert normalt ikkje løyvd til dette. Det vert heller ikkje gjeve tilskot til gjerde mellom innmark og utmark som kjem inn under Lov om grannejerde.</p> <p><b>Gjetarhytter/sankehytter</b> : Kostnadsoverslag for gjetarhytter kan omfatte hytter på inntil 20 m<sup>2</sup> med kvadratmeterpris som tilsvarer gjennomsnittlig kostnad for hytter av enkel standard i det aktuelle området.</p> <p><b>Saltsteinsautomatar</b></p> <p><b>Elektronisk overvakingsutstyr</b></p> <p><b>Elektronisk gjerde</b></p>	<p>Investeringstiltak: Det kan løyvast inntil 50 % av godkjent kostnads-overslag</p> <p>Elektronisk sporingsutstyr: Det kan løyvast tilskot med inntil 70% av godkjent kostnadsoverslag til elektronisk sporingsutstyr. Dette gjeld inntil 50 % av dyretalet i beitelaget.</p> <p>Elektronisk gjerde: Det kan løyvast inntil 40 % av investeringskostnad</p>
<p><b>Planleggings- og tilretteleggjings-tiltak</b></p> <p>Det kan vera ulike typar prosjekt som rettar seg mot organisering og tilrettelegging av utmarksbeita for god og effektiv beitebruk.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Planlegging og prosjektering av faste installasjonar</li> <li>• Ny organisering av beitelag og beiteområde</li> <li>• Prosjektretta arbeid og uttesting av arbeidsmåter for å stimulera til auka bruk av beiteressursene</li> <li>• Tidsbegrensa utprøving av nytt utstyr</li> <li>• Vegetasjonskartlegging</li> <li>• Utarbeiding av planar og rapportar</li> </ul>	<p>Det kan løyvast inntil 70 % av godkjent kostnads-overslag</p>

## SØKNAD OG HANDSAMING

Bjørnafjorden landbrukskontor handsamar innkomne søknadar. Prioriteringa vert gjort på bakgrunn av den samla tilskotsramma og i tråd med den lokale retningslinja. Søknadane vert vurdert etter naturmangfaldlova i dei sakar der tiltaket kan påverke naturmangfaldet. Kommunen fattar enkeltvedtak i Landbruksdirektoratet sitt elektroniske system, og sender ut vedtaket til søkjar via Altinn.

### Søknaden

I skjemaet skal det fyllast ut opplysningar om søkjar, opplysningar om tiltaket og om beitedyr og beiteområde som vert påverka av tiltaket, kostnadsoverslag og finansieringsplan. I tilfelle der utgifter til arbeidstimar er ein del av kostnadsoverslaget, skal det gjevast opp kor mange timar det gjeld.

I tilfelle der søkjaren har fått eit anbod frå ein entreprenør eller liknande, skal anbudet sendast inn saman med søknaden.

Kommunen vurderer kostnadsoverslaget frå søkjar, og korrigerer eventuelt kostnadsoverslaget med faste satsar og utgifter til meirverdiavgift. Det kostnadsoverslaget ein då sit att med er "godkjent kostnadsoverslag".kopi fra SMIL

I tillegg til sjølve skjemaet, skal søknaden innehalda

- Kart med innteikna tiltak der dette er relevant
- Kopi av avtalar/løyve
- Eventuelt andre relevante vedlegg, t.d. foto

Søknadsskjema og informasjon ligg på Landbruksdirektoratet sine nettsider: [Tilskot til tiltak i beiteområder](#)

### Utbetaling av tilskot

#### Delutbetaling

Søkjaren har høve til å søkja skriftleg om å få utbetalt delar av tilskotsbeløpet etter kvart som arbeidet eller tiltaket vert utført. Det skal likevel stå att minst 25 prosent av det løyvde tilskotsbeløpet til arbeidet er fullført og sluttregneskapen er godkjent av kommunen.

#### Sluttrapport og sluttutbetaling

Søknad om sluttutbetaling skal sendast til kommunen når tiltaket er ferdig. Tilskotet vert utbetalt når sluttregnskapet er godkjent. Det er kommunen som utbetaler tilskotet.

Sluttrapporten skal dokumentera utgiftene ein har hatt og arbeidet som har vore gjort i samband med tiltaket. Døme på dokumentasjon er kopiar av bilag, oversikt over tidsbruk og bilete.

*Merk: Tilskotet kan reduserast dersom dei faktiske kostnadane vart lågare enn godkjent kostnadsoverslag.*

### Frist for gjennomføring av tiltak

Arbeidsfristen er i utgangspunktet inntil 3 år frå tilskot vert innvilga. Søkjaren får skriftleg orientering i Altinn når arbeidsfristen nærmar seg. Fristen kan forlengast etter søknad, men ikkje utover 5 år frå tilskotet vart løyvd.

**Dersom søkjaren ikkje kan eller vil fullføre eit tiltak det er løyvd midlar til, skal kommunen få beskjed så snart som råd slik at midlane kan omdisponerast.**